



SKOLEMELK.NO

PÅMELDING TIL ABONNEMENTSORDNINGA FOR SKULEMJØLK SKULEÅRET 2015/2016



Eit skikkeleg skulemåltid betyr mykje for at konsentrasjonsevna og læringsmiljøet i klassen skal vere på topp, då påfyll midt på dagen hjelper å halde blodsukkeret stabilt. Mjølkk er naturleg rik på vitaminer, mineral og protein som kroppen treng kvar dag. Det finnst fleire produkt å velja mellom i skulemjølkordninga. Du kan lese meir om produkta på www.skolemelk.no/produkter.

1. juni opnar vi for bestilling av skulemjølk for skuleåret 2015/2016. Du kan legge inn bestillinga di på www.skolemelk.no kva tid som helst i løpet av skuleåret, under føresetnad av at skulen er klargjort for bestilling. Dette kan du sjekke under "Er skulen din med?" på framsida av www.skolemelk.no. Her finn du også brukarretteleiing på fleire ulike språk.

Logg deg inn med e-postadresse og passord. Om du ikkje huskar brukarnamn og/eller passord, finn du ein funksjon som heiter "Gløymd passord" ved innlogginga.

> Har du ikkje bestilt skulemjølk tidligare?

1. REGISTRER DEG SOM NY BRUKAR

Opprett ny brukar under føresette. Legg inn føresette sitt fornamn, etternamn, telefonnummer og e-postadresse. Passord vel du sjølv. Logg deg deretter inn med e-postadresse og ditt sjølvvalte passord.

2. REGISTRER NY ELEV

Registrerer eleven/elevane og opprett abonnement teikna for ½ eller 1 skuleår av gongen. Vel fyrst elev, fylke, kommune, skule og klasse. Vel produkt. Legg ønska produkt i handlekorga. Ta opp prosessen på ny om du skal bestille for fleire elevar.

3. TIL BETALING

Gå til betaling, vel betalingsmåte og fullfør bestillinga. Hugs å skrive gateadressa om du betalar med faktura. Betaling med faktura medfører gebyr. Kreditkort er gebyrfritt. Du betalar frå den dagen mjølka blir levert fyrste gang

4. FULLFØR BESTILLING

Du vil få ei bestillingsstadfesting på e-post frå TINE SA. Her vil du sjå kva fyrste leveringsdag er, og kor mange dagar betalinga/abonnementet gjeld for.

Du kan kva tid som helst i løpet av skuleåret melde barnet ditt på ordninga, men vi ber alle om å gjere dette så fort som mogleg. Det bør gjerast før 1. september for haustsemesteret og før 1. februar for vårsemesteret. Slik får skulen raskare oversikt over dei som har meldt seg på.

Som følgje av jordbruksoppgjeret blir prisene fastsett så snart forhandlingane er ferdige i juni. Om ein ved skulestart vel å bestille skulemjølk for heile skuleåret, slepp ein eventuell prisauke i januar og er garantert same pris gjennom heile skuleåret. Mjølka kostar det same ved alle skular som er med i abonnementsordninga på skolemelk.no.

Om du har spørsmål om skulemjølk, kan du sjå "Ofte stilte spørsmål" på framsida av www.skolemelk.no, les brukarvilkåra eller sende oss ein e-post på: skolemelk@tine.no.

Med venleg helsing

TINE SKOLEMELK